Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. No. 44. Fylke: Telemark.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Kviteseid

Emne: Veving Bygdelag:

Oppskr. av: Jörgen Heggbrent Gard:

(adresse): Meås G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.
Dei trådde veven i firskaft til vådmål, som var til mansklær.
Til underklæde var det einskeft.
Ein trör tråone frå högre til venstre.
Uppkÿtingi av "hovuli" på same måten både til ytterklæde som underklæde.

2.
Klæde for kvinnor var vovne slik:
Tvo tråor i stan for fire (tvoskaft.)
Ein eller tvo træar etter tykkelsen.

3.
Klæde for menn var vovne tykkare, kvinnorne tunnare.

4.
Sengeforheng vove dei i forsjellige slag mönster. Seinare kaupte dei og töy til dette.

5.
Vevmåten på sengetöy, putevar laken, var vovne i tvoskaft.

6–7.
Vellkar, håndklade og sengetöye var vovne av lin som dei verka sjölve.

10207

Sengklæde, teppe (ullkjeld) vov dei i firskaft.
Ruggar til å ha på golv vev dei i tvoskaft.

Navn på dei forskjillige vevmåtar er nyttevev, kunstvev og biletvev.

II.

På dei forskjelige mönster bruka dei navn som, krokbragd, tavlebragd og rosenbragd. m.f. —
Ei kone fortalte om eit likhånklæde ho ein gong ha fenge, det var vove av lin og med innvovne svarte krossar i. Klæde var svert gamalt og var bruka til og leggja yver kista av den avdöide. —

Verken var samnavn på all vadmålsveend.
Dei kjende Telemarksteppe både vov og sauma dei.

10207

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING